

Tek avstand frå aksjonen

09.09.2011

Tre framstående listekandidatar frå Uskedalen tek i ei uttale i kveld klår avstand frå listekampanjen i Ytre Luten. Elin Legland frå Senterpartiet, Magne Huglen frå Arbeidarpartiet og Kjell Yri frå Venstre uttrykker seg slik:

'Som ansvarlege politikarar som vil arbeida for heile kommunen, tek vi avstand frå skrivet som kom i postkassane i dag.

Slike aksjonar gjev ikkje grobotn for godt samarbeid i kommunen. Tvert imot blussar kampen Indre/Ytre-luten opp igjen. Denne kampen skal leggjast død.

I nominasjonsprosessen og i programarbeidet har partia våre lagt stor vekt på å få representantar og programsaker frå alle deler av kommunen.'